Fjelly-treff ein stor suksess

14.05.2010

I dag vart det arrangert Fjelly-treff ved Mannsvatnet

Fjelly,som er ungdomslaget si hytte, ligg idyllisk til i den innerste enden av Mannsvatnet.

Sidan besøket på hytta dei siste åra har vore dårleg, fann vi ut at det kanskje kunne vera lurt å minna bygdefolk og andre på at vi faktisk har ei flott hytte som det er mogleg for alle å låne.

Difor kalla vi i dag inn til Fjelly-treff. Og vi kan ikkje anna sei at det vart ein stor suksess. Heile 85 personar hadde skrive seg inn i hytteboka i løpet av dagen, og vi trur det er lenge sidan (om nokon gong) det har vore så mange samla ved hytta. Folk kom og gjekk frå tidleg på formiddagen til langt ut på ettermiddagen, og det flotte veret var med på å setja ein ekstra piff på dagen.

Ved hytta hadde vi laga til bål slik at det var mogeleg å grilla pølser og anna god turmat. Båten var mykje i bruk, både for dei som hadde lyst til å prøve fiskelukka, eller for dei som bare ville ro seg ein tur på vatnet.

I tillegghadde vi luftgevær-skyting, og har var det stor aktivitet både blant små og store. Damene i hyttestyret jobba på spreng med steiking av lappar og koking av kaffi, slik at det var mogeleg å kjøpa seg noko godt til dessert.

Ved starten av fjellvegen på Haugland var det lagt ut ein natursti, med postar heilt opp til Hauglandsfjellet. Sjølv om det ikkje var alle som deltok på denne, fekk viinn mange gode svar, og lokalkunnskapen blant folk må seiast å vera veldig god. Det var i alt 12 spørsmål, og mange hadde klart 11 av desse.

Men det var to deltakarar som utmerka seg med å svara korrekt på alle spørsmåla, og det var Hanna Tvilde og Berit H. Myklebust. Dei får kvar sitt weekend-opphald på Fjelly i premie. Gratulerar!

Vi som arrangørar er veldig godt nøgd med dagen, og ynskjer å takka alle som kom og gjorde dette til ein fantastisk dag i fjellet. No håpar vi at mange vil nytta seg av hytta i tida som kjem, og at fleire og fleire får oppleva kor flott det er i fjellet, som ligg rett utanfor stovedøra vår.
Tusen takk for ein flott dag!

Hyttestyret